



Leirdalen barnehage  
levegen 2  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/667 - 15/4990

Saksbehandlar:  
Mette Marei Træland  
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:  
11.03.2015

## Vedtak om kommunalt tilskot til drift og kapital i 2015

*«Med bakgrunn i Forskrift om likeverdig behandling i høve til offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar har Meland kommune ved barnehagefagleg rådgjevarteneste, gjort vedtak om tilskot til drift og kapital på kr.4 453 697 til Leirdalen barnehage for 2015.»  
Av denne summen utgjer kr. 407 985 kapitaltilskot.*

### Rettsleg grunnlag for vedtaket:

**Meland kommune viser til Lov om barnehager, Lov om endringer i barnehageloven (finansiering av ikke-kommunale barnehager) og Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager.**

### Bakgrunn for saka:

Frå 2011 vart barnehagesektoren rammefinansiert. Drifts- og kapitaltilskot til ikkje-kommunale barnehagar vert utbetalt av kommunen. Tilskotet skal utgjøre ein prosentsats av det som tilsvarande kommunale barnehagar i gjennomsnitt mottar i offentleg finansiering.

Ved utrekninga av tilskotet har kommunen lagt til grunn Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar, og Rundskriv Udir-7-2014.

### Grunngjeving for vedtaket:

Grunnlaget for vedtaket som ligg føre i høve til drift og kapitaltilskot til ordinære ikkje-kommunale barnehagar er det kommunale rekneskapet for 2013.

Berekning av drifts og kapitaltilskotet er gjort slik:

1) Tilskot pr omrekna heildagsplass.

Små born (0-2 år)	Kr 156 844
Store barn (3-5 år)	Kr 73 663
Kapitaltilskot:	Kr 9 500

2) Omrekna heildagsplassar i barnehagen som ligg til grunn for utrekning av tilskotet:

	frå årsmeldinga 15. des. 2014
Små born (0-2 år)	10,8
Store barn (3-5 år)	33,0
Sum	43,8

3) Gjennomsnittlig minimumstilskot for året totalt er 98 %.

Leirdalen barnehage får utbetalt 98% tilskot.

4) Tilskot for 2015 vert basert på nøkkeltala over.

Dette er et enkeltvedtak etter Forvaltningslova og kan påklagast. Ein har rett til å klage på vedtak etter §28 i Forvaltningslova. Klagefrist er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Klagen vert sendt til Meland kommune, barnehagefagleg rådgjevar; [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no), eller pr. post til: Meland kommune v/barnehagefagleg rådgjevar boks 79,5906 Frekhaug. Årsaka til klagen må grunngjevast.

Dersom Meland kommune som underinstans opprettheld sitt vedtak vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland som er klageinstans, for endeleg avgjerd.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit  
rådmann

Mette Marei Træland  
barnehagefagleg rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Leirdalen barnehage

levegen 2

5917

ROSSLAND